



Kommunal- og regionaldepartementet
Postboks 8112 Dep
0032 OSLO


Vår ref.: (nyttast ved korrespondanse)
201106133-6/300/TORBAK

Dykkar ref.:
11/906-1

Bergen, 07. juli 2011

Høring NOU 2011: 3 - Kompetansearbeidsplasser - drivkraft for vekst i hele landet

Hordaland fylkeskommune har handsama høyring av NOU 2011: 3 - *Kompetansearbeidsplasser - drivkraft for vekst i hele landet* i Fylkesutvalet sitt møte 23.06.2001. Vi oversender med dette høyringsfråsegna.


Matti Torgersen
utviklingssjef


Tord Bakke
spesialrådgivar

Vedlegg:
Vedtak i fylkesutvalet
Saksutgreinga



SÆRUTSKRIFT

Arkivsak 201106133
Arkivnr. 300
Sakshandsamar Bakke, Tord

Saksgang	Møtedato	Saknr.
Fylkesutvalet	23.06.11	131/11

HØYRING NOU 2011: 3 - KOMPETANSEARBEIDSPlassER - DRIVKRAFT FOR VEKST I HELE LANDET

Fylkesutvalet 23.06.11

Det var 14 representantar til stades.

Petter Kvinge Tvedt sette på vegner av Frp, H og KrF fram slikt forslag:

” Alternativt forslag:

1. Fylkesutvalet ser positive trekk i rapporten, og fleire av utvalet sine forslag fortener utan tvil å verte forsøkt. Ein nasjonal politikk for satsing på vekst i kompetansesarbeidsplassar utanfor hovudstadsområdet må likevel etter fylkesutvalet sitt syn ta utgangspunkt i dei funksjonelle storbyregionane. Sjølv om utvalet ser at regionale senter har ein viktig funksjon i å bygge robuste arbeidsmarknader der kompetansesarbeidsplassar kan vekse fram, inneheld utgreiinga som ligg føre i liten grad analysar for eller tiltak til korleis dette skal verte ivareteke.
2. Fylkesutvalet vil spesielt peike på behovet for ein heilskapleg regionalpolitikk som omfattar storbyregionane, og vil be om at Regjeringa utarbeider ei storbymelding som omfattar storbyregionane utanfor hovudstadsområdet.
3. For å sikre høg verdiskaping må det på samferdselsområdet gjennomførast viktige infrastrukturtiltak for veg, bane og luftfart. Slike tiltak vil både verke regionforstørrande, og binde saman storbyområda sine arbeidsmarknader. Eit viktig tiltak å få på plass på kort sikt, er eit ferjefritt samband mellom Stavanger og Bergen.
4. Universiteta og høgskolane må sikrast finansiering for å oppfylle dei tiltenkte funksjonane sine, både regionalt og nasjonalt. Dei nye universiteta må omfattast av dei same finansieringsordningane som dei etablerte.
5. Som eit alternativ til å opprette internasjonale skolar i distrikta, vil fylkesutvalet

poengtere at eit vel så godt verkemiddel kan vere å gje undervisning i ein del sentrale fag på engelsk eller andre framandspråk.

6. Fylkesutvalet meiner at ein må få på plass eit breiare og meir systematisk oppbygd samarbeid mellom næringsliv og skole enn det som er tilfelle i dag. Ein bør her også sjå på mogleg samarbeid mellom opplærings- og næringsaktørar for å gi dei vidaregåande skolane incentiv til å drive oppdragsverksemd og på denne måten bidra til kompetanseheving og styrking av bedrifter i distrikta.”

Røysting

Tvedt sitt forslag vart vedteke med 8 røyster mot 6 røyster (A, SV, SP, V) for fylkesrådmannen sitt forslag.

VEDTAK

1. Fylkesutvalet ser positive trekk i rapporten, og fleire av utvalet sine forslag fortener utan tvil å verte forsøkt. Ein nasjonal politikk for satsing på vekst i kompetansearbeidsplassar utanfor hovudstadsområdet må likevel etter fylkesutvalet sitt syn ta utgangspunkt i dei funksjonelle storbyregionane. Sjølv om utvalet ser at regionale senter har ein viktig funksjon i å byggje robuste arbeidsmarknader der kompetansearbeidsplassar kan vekse fram, inneheld utgreiinga som ligg føre i liten grad analysar for eller tiltak til korleis dette skal verte ivareteke.
2. Fylkesutvalet vil spesielt peike på behovet for ein heilskapleg regionalpolitikk som omfattar storbyregionane, og vil be om at Regjeringa utarbeider ei storbymelding som omfattar storbyregionane utanfor hovudstadsområdet.
3. For å sikre høg verdiskaping må det på samferdselsområdet gjennomførast viktige infrastrukturiltak for veg, bane og luftfart. Slike tiltak vil både verke regionforstørrande, og binde saman storbyområda sine arbeidsmarknader. Eit viktig tiltak å få på plass på kort sikt, er eit ferjefritt samband mellom Stavanger og Bergen.
4. Universiteta og høgskolane må sikrast finansiering for å oppfylle dei tiltenkte funksjonane sine, både regionalt og nasjonalt. Dei nye universiteta må omfattast av dei same finansieringsordningane som dei etablerte.
5. Som eit alternativ til å opprette internasjonale skolar i distrikta, vil fylkesutvalet poengtere at eit vel så godt verkemiddel kan vere å gje undervisning i ein del sentrale fag på engelsk eller andre framandspråk.
6. Fylkesutvalet meiner at ein må få på plass eit breiare og meir systematisk oppbygd samarbeid mellom næringsliv og skole enn det som er tilfelle i dag. Ein bør her også sjå på mogleg samarbeid mellom opplærings- og næringsaktørar for å gi dei vidaregåande skolane incentiv til å drive oppdragsverksemd og på denne måten bidra til kompetanseheving og styrking av bedrifter i distrikta.

RETT UTSKRIFT:

DATO: 27. juni 2011

FYLKESRÅDMANNEN I HORDALAND
Mikael Bertelsen



Arkivsak 201106133-3
Arkivnr. 300
Saksh. Bakke, Tord, Inge Alver

Saksgang	Møtedato
Fylkesutvalet	23.06.2011

HØYRING NOU 2011: 3 - KOMPETANSEARBEIDSPLASSER - DRIVKRAFT FOR VEKST I HELE LANDET

SAMANDRAG

Kommunal- og regionaldepartementet har sendt NOU 2011: 3 - *Kompetansesarbeidsplasser - drivkraft for vekst i hele landet* på høyring med frist 9. august 2011. Utgreiinga inneheld til saman 26 forslag som skal støtte opp under fem ulike innsatsområde. Departementet ber om høyringsinstansane sine syn på analysar, vurderingar og forslag i utgreiinga.

Ein av dei sentrale konklusjonane i utgreiinga, er at for å møte utfordringane knytt til kompetansesarbeidsplassar treng ein ei heilskapleg innsats på mange felt. Politikkområda som blir trekt fram omfattar mellom anna regional, samferdsel, næring, utdanning, forskning, helse, m.m. Utgreiinga femner dermed over mange av fylkeskommunen sine politikkområde.

NOU 2011: 3 er ei solid utgreiing som set søkjelys på mange viktige samanhengar knytt til endring av nærings- og sysselsetningsstrukturen. Utgreiinga vil vere eit viktig innspel i det regionale utviklingsarbeidet, og vil få konsekvensar for dette.. Eg finn å kunne gi tilslutnad til dei konklusjonane og tiltaka som utvalet foreslår.


FORSLAG TIL VEDTAK

1. Fylkesutvalet meiner rapporten vil vere eit sentralt innspel i det regionale utviklingsarbeidet, og støtter konklusjonen om at å få til vekst i kompetansesarbeidsplassar i distrikta er ein av dei viktigaste prioriteringane i distriktpolitisk samanheng.
2. Fylkesutvalet vil støtte dei tiltaka som er foreslått og spesielt trekkje fram tiltaka som går på å skape robuste arbeidsmarknader gjennom regionsutviding og satsing på regionale sentra, samt spreiring av statlege arbeidsplassar, som særleg viktige.
3. Som eit alternativ til å opprette internasjonale skoler i distrikta, vil fylkesutvalet poengtere at eit vel så godt verkemiddel kan vere å gi undervisning i ein del sentrale fag på engelsk eller andre framandspråk.

4. Fylkesutvalet meiner at ein må få på plass eit breiare og meir systematisk oppbygd samarbeid mellom næringsliv og skole enn det som er tilfelle i dag. Ein bør her også sjå på mogleg samarbeid mellom opplærings- og næringsaktørar for å gi dei vidaregåande skolane incentiv til å drive oppdragsverksemd og på denne måten bidra til kompetanseheving og styrking av bedrifter i distrikta.



Paul M. Nilsen



Jan Per Slyve

Vedlegg: <http://www.regjeringen.no/pages/15962513/PDFS/NOU201120110003000DDDPDFS.pdf>

1 Bakgrunn

Kommunal- og regionaldepartementet har sendt NOU 2011: 3 - *Kompetansearbeidsplasser - drivkraft for vekst i hele landet* på høyring med frist 9. august 2011. Departementet ber om høringsinstansane sine syn på utvalet sine analysar, vurderingar og forslag. Høringsinstansane blir også bedt om å vurdere eventuelle justeringar av forslaga eller komme med andre forslag til tiltak for å sikre betre spreining av statlege arbeidsplassar og kompetansearbeidsplassar over heile landet og rekruttering til kompetansearbeidsplassar i distrikta.

Utgreiinga inneheld til saman 26 forslag som skal støtte opp under fem innsatsområde. Ein av dei sentrale konklusjonane i utgreiinga, er at for å møte utfordringane knytt til kompetansearbeidsplassar treng ein ei heilskapleg innsats på mange felt. Politikkområda som blir trekt fram omfattar mellom anna regional, samferdsel, næring, utdanning, forskning, helse, m.m. Utgreiinga femner dermed over mange av fylkeskommunen sine politikkområde.

2 Mandatet bak utgreiingsarbeidet

Regjeringa oppnemnte 22. januar 2010 eit utval for å fremme konkrete forslag til tiltak for å sikre at kompetansearbeidsplassar og nye statlige arbeidsplassar blir spreidd i heile landet. Utvalet vart også bedt om å foreslå tiltak for å sikre rekruttering til kompetansearbeidsplassar i distrikta. Med kompetansearbeidsplassar meinast i denne samanhengen arbeidsplassar som krev høgare utdanning. Regionaldirektør Jan Per Styve har vore medlem i utvalet.

Bakgrunnen for å sette ned utvalet er dei store strukturelle endringane i arbeidsmarknaden:

- Ein stor del av veksten i arbeidslivet kjem i spesialiserte, kunnskapsintensive bransjar i arbeidsmarknaden rundt Oslo. Samtidig er sysselsettinga redusert i industri- og primærnæringar utanfor dei store byregionane.
- Statlege verksemdar har dei siste tiåra konsentrert fagmiljøa sine til færre stader.
- Mange område slit med å rekruttere til, og å halde på, personar i spesialiserte og kunnskapsintensive stillingar.

3 Oppbygning av utgreiinga

- Kapittel 1 omtaler mandat, samansetting av utvalet og eit samandrag av utvalets rapport, inkludert utvalet sine vurderingar og forslag til tiltak.
- Kapittel 2 omtaler korleis globalisering påverkar og utfordrar regional utvikling.
- Kapittel 3 omtaler korleis kompetanseintensive næringar og behovet for høgare utdanna veks i takt og er gjensidig forsterkande.
- Kapittel 4 omtaler arbeidsmarknadene over heile landet, med analyser av samspillet mellom jobbane, menneska og stadene. Dette er viktig for forståing av kva som driv etableringar av, og rekruttering til, kompetansearbeidsplassar.
- Kapittel 5 omtaler utvalet sine vurderingar og forslag til tiltak.
- Kapittel 6 omtaler økonomiske og administrative konsekvensar av forslaga, inkludert forslaga basert på uendra ressursbruk.

Målsettinga til utvalet har vore å gi auka forståing av dei regionale arbeidsmarknadene og foreslå tiltak som kan gi høgare nasjonal ressursutnytting og verdiskaping.

4 Innhald

Globalisering har medført sterk økonomisk vekst for Noreg. Samtidig har det vore ei ujamn fordeling, noko som gir fordelingspolitiske, næringspolitiske og regionalpolitiske utfordringar. Noreg har etter kvart fått ei høgt utdanna befolkning, og dermed eit relativt konkurransefortrinn i kunnskapsintensive næringar. Parallelt med dette har den teknologiske utviklinga redusert konsekvensen av geografisk

distanse, noko som igjen opnar for nye forretningsmodellar. Den største sysselsettingsveksten har komme i dei kompetanseintensive næringane. Det har her vore dobbelt så høg vekst som i andre næringar over det siste tiåret i Noreg, og sysselsettingsveksten vil fortsette å skje innan dei kompetanseintensive næringane. Mindre sentrale regionar har opplevd sysselsettingsnedgang i primærnæringane og industrien, samstundes har veksten i kompetanseintensive næringar først og fremst komme dei store byane til gode.

Vi har fått eit høgt utdanningsnivå både som resultat av villa politikk og som ein konsekvens av strukturendringar. Regionalpolitikken må vere tilpassa denne verkelegheita og byggje på kunnskap om endringane i næringsstruktur og utdanningsnivå, og kva moglegheiter og utfordringar dette gir

Nedbygginga av tradisjonelle næringar har vore omfattande i innlandet og langs kysten, mens veksten i tenestesektoren og i byggje- og anleggssektoren i hovudsak har gått føre seg rundt dei store byane. Næringane som byggjast ned sysselset mange med lågare utdanning, mens tenestesektoren som er i vekst sysselset mange med høgare utdanning. Kvar år blir det skapt ca 10-15 prosent nye jobbar og nesten like mange jobbar forsvinn. Dei nye jobbane er i sum meir kunnskapsorienterte. Endringane i utdanningsnivå bidreg dermed også i seg sjølv til sentraliseringskreftane. Samla gir dette ei omstrukturering av arbeidsmarknadene.

Det er ein ujamn geografisk fordeling av veksten i kompetansearbeidsplassar. Dette er verknader av at menneskje og bedrifter gjer det dei meiner er best under rådande rammevilkår. Nokre stader kan tilby noko som andre stader ikkje kan, og det er viktig å forstå desse fortrinna. Det dreier seg om infrastruktur, kapitaltilgang, tilgang på kompetanse, omstillingsevne og dynamiske arbeidsmarknader og viktigheita av regionale sentra.

4.1 Utvalets vurderingar

Veksten i kompetansearbeidsplassar er eit av dei primære kjenneteikna ved norsk økonomisk utvikling og omstilling anno 2011. Denne utviklinga har nokre klare fordelingseffektar på ulike område, og er karakterisert av:

- Ujamn regional vekst i kompetanseintensive arbeidsplassar – særleg i privat sektor
- Økte regionale forskjellar i arbeidsstyrken sitt utdanningsnivå
- Regionale inntektsforskjellar
- Regionale forskjellar i utdanningstilbøyelegheit
- Regionale forskjellar i yrkesdeltaking

Utvalet meiner at nokon innsatsområde er særleg viktige for at vi skal oppnå ei balansert regional utvikling med høgast mogleg ressursutnytting, og for at Noreg skal vere eit attraktivt lokaliseringsval i framtida:

- Robuste arbeidsmarknader
- Fleire kompetansearbeidsplassar
- Styrka rekruttering til heile landet
- Regional kunnskapsinfrastruktur
- Omstilling av jobbar, menneske, bedrifter og stader

4.2 Utvalet sine forslag til tiltak

Robuste arbeidsmarkeder

- a) Arbeide for en aksept for at virkemiddelssonene kan inndeles etter arbeidsmarkedsregioner for å fremme utviklingen av robuste bo- og arbeidsmarkedsregioner.*
- b) Inkludere et etappemål knyttet til regionforstørring og robuste arbeidsmarkeder i Nasjonal transportplan for 2014 – 2023.*
- c) Prioritere infrastrukturiltak som utvider og/eller kobler sammen regionale arbeidsmarkeder.*

- d) Flyplasstrukturen og flytilbudet må utredes for å se om dagens struktur og tilbud tilfredsstillende det kompetanseintensive arbeidslivets behov.
- e) Ved opprettelsen av nye statlige arbeidsplasser bør man velge lokalisering i regionale sentra som bidrar til å utvikle robuste arbeidsmarkeder.
- f) Tiltrettelegge for, og gi insentiver til, at lokalisering av ulike funksjoner innen statlige virksomheter kan skje utenfor hovedstadsregionen.
- g) Tiltrettelegge systematisk for fjernarbeid og stedsuavhengige arbeidsplasser innen offentlig sektor.
- h) Utrede muligheten for å innføre regional forankring av hovedkontor for heleide offentlige selskaper som en eksplisitt målsetting i eierskapspolitikken.

Flere kompetansearbeidsplasser

- i) Innføre særskilte retningslinjer og krav til metode, data og analyse som benyttes ved evalueringer av virkemiddelbruken.
- j) Prioritere og øke satsingen på utbygging av høyhastighets bredbånd over hele landet.
- k) Forenkle målstrukturen og styringen av Innovasjon Norge, for å legge til rette for større og mer målrettede satsinger.
- l) Prioritere virkemidler som kan bidra til å utvikle sterke næringsklynger og kompetansemiljøer. Dette gjelder også virkemidler som bidrar til omstilling av bedrifter og næringsmiljøer i retning av kompetanseintensiv aktivitet.

Styrke rekrutteringen

- m) Prioritering av infrastrukturtiltak som gir tidsbesparelse og bedret tilgjengelighet framfor personrettede virkemidler, herunder fjerning av pendlerfradraget.
- n) Vurdere om ordningen med avskrivning av studielån kan utvides for å styrke tilgangen på arbeidskraft med høyere utdanning i utvalgte geografiske områder.
- o) Gjennomføre en evaluering av de samfunnsøkonomiske gevinstene ved regionale traineeordninger, som grunnlag for en eventuell utvikling og utvidelse av ordningen.
- p) Legge til rette for god norskopplæring og mer effektiv godkjenning av eksisterende utdanning for innvandrere.
- q) Fremme kommunale utleieboliger som rekrutteringsvirkemiddel, gjennom å opprette en ordning gjennom Husbanken som avlastet kommunene for risikoen knyttet til bygging av slike boliger, forutsatt at kommunene selv tar initiativ til og legger til rette for en slik satsing.
- r) Oppmuntre til etablering av internasjonale skoler for å styrke regionale arbeidsmarkeders attraktivitet.
- s) Legge til rette for, og oppmuntre til, opprettelsen av næringstilknyttet spesialisert videregående utdanning (TAF-tilbud) i flere regioner enn i dag.

Regional kunnskapsstruktur for samarbeid og livslang læring

- t) Økt samarbeid mellom utdanningsinstitusjoner, arbeidsliv og NAV, for å sikre relevansen og finansieringen av et desentralisert etter- og videreutdanningstilbud.
- u) Studielåns- og stipendordninger for etter- og videreutdanning bør styrkes og gjøres betinget av gjennomføring.
- v) Gi universiteter og høyskoler sterkere insentiver til å samarbeide med lokalt næringsliv om innretning og spesialisering av utdanningstilbudet tilpasset lokalt arbeidslivs behov.
- w) Finansieringssystemet, herunder midler knyttet til satsingen på «Samarbeid, arbeidsdeling og konsentrasjon», må utformes slik at universiteter, høyskoler og instituttsektoren kan spille en sterkere rolle i lokal kunnskapsformidling, innovasjon og omstilling til kunnskapsintensivt næringsliv.

Omstilling av jobber, mennesker og steder

- x) Målretting av arbeidsmarkedstiltak mot omstillingsbehovene i de regionale arbeidsmarkedene.
- y) Adgangen til å gi støtte til etter- og videreutdanning bør utvides for å bidra til at arbeidstakere skal komme i nytt produktivt arbeid.
- z) Virkemiddelbruken på tvers av sektorer og forvaltningsnivåer bør koordineres bedre med sikte på tidlig innsats for omstilling til kompetanseintensiv virksomhet.

5 Fylkesrådmannen sine kommentarar

Utvalet peiker i utgreiinga på sentrale trekk ved samfunnsutviklinga og viser korleis dette har vore med på å endre utdannings-, nærings- og sysselsetningsstrukturen. Utgreiinga tydeleggjer samanhengar mellom globale trendar og regionale konsekvensar på ein overbevisande måte. Utgreiinga tek også føre seg meir lokalt grunna årsaker til ein ubalansert vekst i kompetansenæringane, så som regionale forskjellar i utdanningsnivå, inntekt, utdanningstilbøyelegheit og yrkesdeltaking. Funna og analysane har klar relevans for Hordaland og den situasjonen vi opplever med vridning av sysselsetningsmarknaden og auka press mot sentrale område rundt Bergen. Auka vekst i kompetansearbeidsplassar også i distrikta, vil vere ein vesentleg faktor for ein god regional utvikling i Hordaland.

Omstilling til vekstnæringar er viktig for å oppnå full ressursutnytting. Høg verdiskaping krev god ressursutnytting og dermed at heile fylket sin arbeidsstyrke tas i bruk. Vekst i kompetansearbeidsplassar i heile fylket fordrar nytenking og målretting. Ein stadig større del av befolkninga har høgare utdanning og stiller dermed andre jobbkrev. Dette er med på å utløyse eit behov for arbeidsmarknader også i distrikta med kritisk masse og mangfald. Utgreiinga viser at sysselsetningsfordelinga er globalisert. Det er derfor ikkje eit nullsumspill mellom lokale regionar, men ein konkurranse på ei internasjonal marknad. Fleire kompetansearbeidsplassar og høgare sysselsetting i distrikta, vil dermed ikkje nødvendigvis gi lågare sysselsettingvekst i meir sentrale strøk.

Mange av dei tiltaka som er lista opp vil komme inn under fylkeskommunale ansvars- og verkemiddelområde. Desse tiltaka vil måtte integrerast i vårt regionale utviklingsarbeid. For mange av desse felt, tildømes samferdsel, næring, areal og kultur er det starta regionale planarbeid som er i ein tidleg fase. Desse planane vil vere naturlege stader å gi ein regional tilpassa form på tiltaka. Mellom anna vil dette gjelde tiltak som går på regionforstørring og styrking av dei regionale sentra.

Av spesielt sentrale tiltak som utvalet foreslår, vil eg særleg trekkje fram dei som går på å sikre robuste arbeidsmarknader med gode kommunikasjonar og sterke regionale sentre, saman med tiltaka knytt til spreining av statlege arbeidsplassar.

Robuste arbeidsmarknader er ein føresetnad for å skape den kritiske masse som skal til for å generere vekst i kompetansearbeidsplassane. For å nå dette målet er det viktig med gode kommunikasjonar generelt og spesielt viktig å prioritere dei tiltaka som verkar utvidande og samanbindande på bu- og arbeidsmarknadsregionane. Å ta dette inn som etappemål i ny NTP-periode vil vere sentralt. Det er like eins viktig å styrkje dei regionale sentra som tilbydarar av tenester, handel, opplevingar og gode møtestader med urbane kvalitetar. I dette arbeidet må både statlege og fylkeskommunale verkemidlar nyttast gjensidig forsterkande.

Spreiing av statlege arbeidsplassar er òg eit svært sentralt tiltak for å styrke veksten av kompetansearbeidsplassar over heile landet. Effekten vil både vere direkte ved utflytting av statlege kompetansearbeidsplassar, og indirekte ved at tilflyt av desse styrkjer arbeidsmarknaden i regionen og soleis kan vere med på å byggje opp kritisk masse slik at veksten blir berekraftig og sjølvforsterkande på sikt.

4.1 Kommentrarar til spesifikke forslag til tiltak

Kap. 5.3. Styrkje rekrutteringa,

2/3 av døgnet står dei fleste av skolane i landets tomme. Dei vidaregåande skolane har ofte utstyr og kompetanse som kan nyttast til kunnskapsutvikling i lokalt arbeidsliv. Ein del skolar gir slike kurstilbod og er gjennom denne verksemda viktige regionale utviklingsaktørar, men aktivitetane er gjerne svakt koordinerte og ofte personavhengige. Gjennom betre samarbeid mellom opplærings- og næringsaktørar bør dei vidaregåande skolane få rettleiing og starthjelp til å drive oppdragsverksemd, og på denne måten bidra til kompetanseheving og styrking av bedrifter i distrikta.

Forslag r) - Internasjonale skoler

Det vil i praksis vere vanskeleg å auke utdanningsnivået og byggje opp internasjonal kompetanse ved å opprette internasjonale skolar i distrikta. Eit vel så godt verkemiddel vil vere å gi undervisning i ein del sentrale fag på engelsk eller andre framandspråk. Føremålet med dette tiltaket vil vere å gjere elevane/studentane vane med å lese faglege instruksjonar/manualar og kommunisera på framandspråk, noko som dei vil ha stor nytte av i dei fleste fag.

Det vil ha god effekt å gi elevar i vidaregåande opplæring internasjonal kompetanse gjennom utvekslingsprogram av den typen Hordaland fylke har etablert i Wales, USA, Tyskland og Frankrike. Elevane i desse tiltaka kjem frå alle delar av fylket.

Forslag s) - Næringstilknyttet spesialisert vidaregåande utdanning

Ein må få på plass eit breiare og meir systematisk oppbygd samarbeid mellom næringsliv og skole enn det som er tilfelle i dag. TAF-ordninga – som er spesielt nemnd i utgreiinga – er eit eksempel på ei svært god ordning, men er i utgangspunktet eit tilbod til dei flinkaste. Systematikken med samarbeid skole/næringsliv frå TAF-ordninga kan nyttast for ein langt større del av elevane på yrkesfaglege utdanningsprogram. For å få andre ungdommar til å søkje seg til lokalt arbeidsliv i distrikta, er det behov for betre incentiv til næringslivet enn dei som ligg i den eksisterande ordinære lærlingordninga.

Faga *Utdanningsval* på ungdomstrinnet og *Prosjekt til fordjuping* i vidaregåande skole er gode tiltak som kom inn med Kunnskapsløftet. utfordringa ligg i at næringslivet – og då særleg små aktørar i distrikta – ikkje får nødvendige incentiv til å ta imot elevar og gi dei god opplæring. Det er nødvendig å få på plass ressursar som gjer at det blir oppretta kontakt mellom skolar og lokale verksemdar i dei områda der ein har behov for fleire kompetansearbeidsplassar.

I den eksisterande lærling- og lærekandidatordninga er tilskotet til lærebedrifter ikkje differensiert. Ein regional differensiering av lærlingtilskotet – dvs. høgare tilskot i utvalde kommunar – vil gjera det mogeleg og interessant for små bedrifter å ta inn lærlingar i langt større grad enn i dag. Offentleg sektor rekrutterer jamt over svært dårleg gjennom den ordinære lærlingordninga, og potensialet er derfor stort for å opprette tilbod til elevar i lokalsamfunna. Betre bruk av lærlingordninga vil gjere det mogeleg for kommunane å drive meir planmessig og langsiktig rekruttering.

Realkompetansen blant dei fagarbeidarane som arbeider i dei viktige produksjonsbedriftene i distrikta er høg, og denne realkompetansen er eit framifrå grunnlag for høgare utdanning – t.d. gjennom fagskolane og Y-vegen inn på universitet og høgskolar.

Konklusjon

Utvalet har levert ei solid utgreiing som set søkjelys på viktige samanhengar knytt til endring av nærings- og sysselsetningsstrukturen. Utgreiinga vil vere eit viktig innspel i det regionale utviklingsarbeidet. Eg gir full støtte til analysen av at å få til vekst i kompetansearbeidsplassar i distrikta er ein av dei viktigaste prioriteringane i distriktpolitisk samanheng.

Av særleg viktige tiltak vil eg trekkje fram dei som går på å få til robuste arbeidsmarknader gjennom regionsutviding og satsing på regionale sentra, samt dei som går på spreiring av statlege arbeidsplassar.

Relatert til tiltaket om å opprette internasjonale skoler i distrikta, kan eit alternativ vere å gi undervisning i ein del sentrale fag på engelsk eller andre framandspråk. Samarbeidet mellom næringsliv og skole må også styrkjast, mellom anna med sikte på å gi dei vidaregåande skolane incentiv til å drive oppdragsverksemd og på denne måten bidra til kompetanseheving og styrking av bedrifter i distrikta.

Dei tiltaka som kjem inn under fylkeskommunale ansvars- og verkemiddelområde vil måtte integrerast i vårt regionale utviklingsarbeidet og bli gitt ei regional forankring. Med desse kommentarane, finn eg å kunne gi mi tilslutnad til dei konklusjonane og tiltaka som utvalet foreslår.